

# HARDANGERTUN

## HYTTER, CAMPING & LEIRSKULE KINSARVIK

### Generell informasjon om ansvars- arbeidsdeling

#### 1.1 Generelt:

Partane er i fellesskap ansvarleg for å arbeida ut eit best mogleg tilpassa opplegg for elevane.

Leirskulen sitt faste personale kjenner miljøet og tilhøvet på staden.

Kontaktlæraren kjenner elevane og deira forutsetningar/ynskje.

Kontaktlæraren sitt juridiske ansvar i tilhøve til elevane, vil ikkje avvika særleg frå vanleg skulesituasjon. Under leirskuleopphaldet som elles, ventar ein seg at kontaktlæraren ikkje utset elevane for større risiko enn det som er vanleg godkjent og akseptert i dagleglivet.

Elevane er yrkesskadetrygda i samsvar med Folketrygda sine bestemmelsar.

Skader skal meldas av heimeskulen på skjema NAV 13-07.05

[www.nav.no/page?id=1073743648&formQuery=data%2Fthemes%2Fcontent%2F@key+%3D+118http://w9](http://www.nav.no/page?id=1073743648&formQuery=data%2Fthemes%2Fcontent%2F@key+%3D+118http://w9)

#### 1.2 Oppgaver i samarbeidsutvalet:

Under leirskuleopphaldet vert det oppretta eit samarbeidsutval som koordinerer aktivitetane på leirskulen.

Desse inngår i samarbeidsutvalet: kontaktlærar, leirskulelærar og leirskuleeigar.

Så snart som råd etter at klassen er komen til leirskulen vil samarbeidsutvalet ha møte.

Samarbeidsutvalet har møte når anten kontaktlærar, instruktør eller administrasjonen på leirskulen ynskjer det.

Då tek ein vanlegvis opp til drøffing:

kontaktlæraren sine oppgaver under opphaldet

- ordensreglane (praktisering av desse)
- timeplanen for veka
- praktiske opplysningar, f.eks. spesielle omsyn til enkeltelevar, bygningane på staden, utstyr, inventar, uteområdet til elevane osv.

Når det gjeld arbeidsoppgaver som ikkje fell naturleg inn under vanleg ansvars- og arbeidsdeling mellom partane, kan ein dela desse oppgåvene mellom seg.

Elles har samarbeidsutvalet som siktemål å skapa trygge sosiale tilhøve for alle partar på leirskulen.

### 1.3 Kontaktlærer er hovudansvarleg for klassen sin:

- A. Kontaktlæreren skal gje leirskulen nødvendig førehandsinformasjon med omsyn til relevante opplysningar om elevane.
- B. Kontaktlæreren har ansvaret for planlegging og gjennomføring av reisa til og frå leirskulen.
- C. Kontaktlæreren skal i samråd med leirskulelærer ta del i det pedagogiske opplegget på leirskulen.
- D. Kontaktlæreren må medverka til at ordensreglane på leirskulen vert haldne.
- E. Kontaktlæreren tek del i leirskulen sitt samarbeidsutval.

### 2.1 Dagens gang ved Hardangertun:

kl 07.00	Vekking	Ei vekkarklokke vert delt ut til kvar klasse. Elevane får, på omgang, ansvar for å vekka kvarandre.
kl 08.30	Inspeksjon	Vert gjort av dei tilsette på leirskulen. Kvart hyttelag får poeng for reinhald og orden.
kl 09.00-12.00	Undervisning	Vert gjort av leirskulelærer.
kl 12.00-13.00	Lunch	Dei tilsette på leirskulen gjev tilsyn og service overfor elevane.
kl 13.00-16.00	Undervisning	Vert gjort av leirskulelærer.
kl 16.00-20.00	Fritid	Dei tilsette ved leirskulen har tilsyn med elevane. Elevane kan ta del i ulike ballaktivitetar, eller nytta seg av boblebad, badstove og badebasseng. Elevane syter òg for å henta mat til hyttene sine.
kl 17.00/18.00	Middag	Ein elev frå kvar hytte møter opp ein halv time før middag, og får instruksjon i dekking av bord, servering og rydding.
kl 18.30	Møte	Samarbeidsutvalet har møte. På møtet vil ein gå gjennom undervisninga og opplevings-tilbodet på leirskulen med alle klasseleiarene. Ein vil òg gå gjennom opplegget for neste dag. Desutan drøftar ein evt. underhaldningsprogam og sosialt samvær mellom klassane.

kl 20.00-22.00

Fritid og sosialt samvær. Brukarskulen har tilsyn med elevane.

kl 22.30-07.00

Ro på leirskuleområdet.

(23.00 for ungd.sk.) elevane skal attende til hyttene sine og det skal vera ro i leiren.

Leirskulen har eigen vakt som har tilsyn på området til det er ro.

Nattevakten har tilsyn til kl 01.00, deretter har me sovande nattevakt som kan nåast på telefon.

Vaktene er ein trygghet dersom nokon skulle trenga lege, eller om det er andre ting i leiren som må ordnast opp i nattertid.

## 2.2 Hovudansvar for brukarskulen:

<u>Dag</u>	<u>Tid</u>	<u>Antal timar</u>	<u>Kommentar</u>
Sundag	Reisa til leirskulen	t	Reisa frå brukarskulen til leirskulen
	kl 20.00-22.00	2,0 t	Kveldsvakt
Dagleg (mandag-torsdag – 4 dg.)			
	kl 01.00-07.00	1,5 t	Sovande nattevakt
	kl 20.00-22.00	2,0 t	Kveldsvakt
Fredag	kl 01.00-07.00	,5 t	Sovande nattevakt
	Reisa frå leirskulen	, t	Reisa frå leirskulen til brukarskulen
<hr/>			
Totalt antal timar pr. veke		, t	Sum timar varierer avhengig av reisetida.
<hr/> <hr/>			